



Det vert nok mykje kjekt i Tårnagent-koret. Bildet er frå den aller første øvinga i koret.

Tårnagentkoret starta som eit nytt songtilbod til barn i januar 2017. No er koret klart for ein ny sesong. Etter ein kjekk førstesesong vert det nokre endringar. Øvingstida vert i år onsdagar frå kl.17 - 17.50, og tilbodet vert frå dei som er i 1.klasse og oppover.

Nelly Kjærland fortel til Uskedalen.no at det ikkje var mogeleg å halda fram med same øvingstid som i fjor, og etter samtalar med foreldregruppa er dei komne fram til at onsdagar frå kl.17 til 17.50 var beste tida. Sluttidspunktet er bestemt for at dei ikkje skal koma i konflikt med barnetrimmen og idrettsskulen.

Nelly fortel at Eva Megyesi også i år vert den livlege og morosame musikalske leiaren, og det vert mykje kjekt. Ho håpar også at dei nye aldersgrensene gjer at det vert fleire større barn med i koret. Nytt av året er det at Hobbyklubben har kjøpt inn nytt musikklegg med mikrofonar. Dette skal Tårnagentkoret få låna, og det gjev nye muligheter. Det kan blant anna brukast til at to og to kan synga i det.

Det kan verta ein kjempekjekk sesong i koret, og det vert heilt sikkert kjekt å høyra dei. Det er planlagt fleire opptrednar.

- Familiegudstjeneste 1. oktober i Uskedalen kyrkje kl 17.
- Bedehusbasaren fredag 27. oktober kl 19.
- 15. november kl 17-17.50. Be inn og syngje for familien.
- 24. desember kl 14: Syngje i Uskedalen kyrkje.

Her er det berre å stilla til første øving onsdag 6.september i Uskedal bedehus kl.17. Resten av øvingsdagane og fleire opplysningar finn de under **Tårnagentkoret** under **Lag og organisasjonar** i venstre kolonne.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland